

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av Ap, Sp, MDG, SV, Krf og V fram slikt forslag:

### «Alternativ

1. «Fagtilboda for Stord vidaregåande skule avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule vert vedtekne slik det går fram av saka, men med følgjande endringar:
  - a. Det vert ikkje dimensjonert for HO ved Stord vidaregåande skule
  - b. Ein eventuell trøng for auke på HO i Region Sunnhordland utover det tilbodet ein har skuleåret 2019/2020 bør løysast ved dei skulane i regionen som i dag har HO-tilbod.
  - c. TO-tilbodet ved Bømlo vgs skal oppretthaldast i tråd med vedtaket i Hordaland fylkesting PS 45/2019. Dette må òg sjåast i samanheng med det pågående utgreiingsarbeidet og samkøyningsprosessen for organisering av TO-tilbodet i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget føreset at pilotprosjektet på Bømlo vert gjennomført som planlagt.
3. Fylkestinget vedtek framlagd rom- og funksjonsprogram for Stord vgs. avd. Vabakkjen og Bømlo vgs. som varetak framtidig fleksibilitet i utdanningstilboda og dei vedtekne fagtilboda ved dei to skulane jfr punkt 1.
4. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga vert prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.»

Rosalind Fosse (FrP) sette fram slikt forslag:

### «Tilleggpunkt:

Fylkestinget understreker at dette vedtaket ikke betyr endring for akvakulturtildelningen på Austevoll vidaregåande skule».

### Avrøysting

Fosse Andersen sitt forslag vart samråystes vedteke.  
Fosse sitt forslag fekk 21 røyster (H, Frp, Pp, R) og fall.  
Innstillinger vart ikkje røysta over.

### Vedtak

1. Fagtilboda for Stord vidaregåande skule avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule vert vedtekne slik det går fram av saka, men med følgjande endringar:
  - a. Det vert ikkje dimensjonert for HO ved Stord vidaregåande skule
  - b. Ein eventuell trøng for auke på HO i Region Sunnhordland utover det tilbodet ein har skuleåret 2019/2020 må løysast ved dei skulane i regionen som i dag har HO-tilbod.
  - c. TO-tilbodet ved Bømlo vgs skal oppretthaldast i tråd med vedtaket i Hordaland fylkesting PS 45/2019. Dette må òg sjåast i samanheng med det pågående utgreiingsarbeidet og samkøyningsprosessen for organisering av TO-tilbodet i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget føreset at pilotprosjektet på Bømlo vert gjennomført som planlagt.
3. Fylkestinget vedtek framlagd rom- og funksjonsprogram for Stord vgs. avd. Vabakkjen og Bømlo vgs. som varetak dei vedtekne fagtilboda ved dei to skulane jfr punkt 1.
4. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga vert prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.